



Arkivnr: 2016/1917-1

Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestinget		08.03.2016

**Psykisk helse og tilsetjing av psykolog i dei vidaregåande skulane****Samandrag**

Fylkesrådmannen viser til verbalforslag pkt. 6 i Fylkestinget 8.-9. desember 2015:

**Psykisk helse**

«20 % av born mellom 3 og 18 år har nedsett funksjonsevne på grunn av psykiske lidinger. Halvparten av desse har så alvorlege symptom at det tilfredsstiller krava til ein psykiatrisk diagnose. Meir enn ein av tre sekstenåringar har hatt så mange symptom at dei oppfyller krava til ein psykiatrisk diagnose, og 15 til 20 % av alle norske ungdommar har symptom på depresjon. Skulehelsetenesta er eit kommunalt ansvar, men vi budsjetterer med fylkeskommunale midlar for å tilsetje skulepsykologar i dei vidaregåande skulane i Hordaland. Fylkesrådmannen skal så snart som mogleg fremje ei sak for fylkestinget det det vert skissert korleis fylkeskommunen kan samarbeide med kommunane for å få tilsett psykologar ute på skulane.»

Fylkestinget sette av 5 millionar kroner til formålet i 2016.

**Forslag til vedtak**

<b>1</b>	For å styrke arbeidet med elevane si psykiske helse vert det etablert eit team med skulepsykologar. Teamet skal bestå av til saman seks årsverk. Teamet skal vere eit lågterskeltilbod for elevane og hjelpe skulane i enkeltsaker og med elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø.
<b>2</b>	Psykologane skal samarbeide tett med kommunane gjennom skulehelsetenesta.
<b>3</b>	Stillingane vert lagt til den fylkeskommunale PP-tenesta, men skal øyremerkast definerte oppgåver på dei vidaregåande skulane.
<b>4</b>	Teamet får seks psykolog-årsverk. Årleg kostnad til løn, reise m.m. vert om lag 5 mill kr. Ved oppstart hausten 2016 vert kostnaden inneverande år om lag 2,3 mill kr.
<b>5</b>	Ordninga med eit team av skulepsykologar er eit forsøksprosjekt som varer fram til utgangen av 2018, og prosjektet skal evaluerast før det blir teke stilling til vidareføring.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkessjef opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 16.02.2016

Bakgrunn for saka er verbalforslag pkt. 6 i Fylkestinget 8.-9. desember 2016:

### **Psykisk helse**

«20 % av born mellom 3 og 18 år har nedsett funksjonsevne på grunn av psykiske lidinger. Halvparten av desse har så alvorlege symptom at det tilfredsstiller krava til ein psykiatrisk diagnose. Meir enn ein av tre sekstenåringar har hatt så mange symptom at dei oppfyller krava til ein psykiatrisk diagnose, og 15 til 20 % av alle norske ungdommar har symptom på depresjon. Skulehelsetenesta er eit kommunalt ansvar, men vi budsjetterer med fylkeskommunale midlar for å tilsetje skulepsykologar i dei vidaregåande skulane i Hordaland. Fylkesrådmannen skal så snart som mogleg fremje ei sak for fylkestinget det det vert skissert korleis fylkeskommunen kan samarbeide med kommunane for å få tilsett psykologar ute på skulane.»

Fylkestinget sette av 5 millionar kroner til formålet.

I denne saka vil fylkesrådmannen gjere greie for korleis ein kan nytte fylkeskommunale midlar til å tilsetje skulepsykologar i dei vidaregåande skulane, korleis ein kan samarbeide med kommunane og korleis arbeidet skal organiserast.

### **Tilsetjing av psykologar i dei vidaregåande skulane og samarbeid med kommunane**

Ved eit betre tilbod innan psykisk helse vil fleire ungdomar få den hjelpe dei treng for å fullføre opplæringa og på den måten oppnå ønskt kompetanse.

Tilstandsrapport for vidaregående opplæring 2014/15 viser at av 732 elevar som slutta, var avbrotsårsaker for 198 av desse personlege årsaker, 191 stort fråvære og 45 handla om å vere skulelei/mangle motivasjon. Nokre vidaregåande skular har i dag eit samarbeid med bydel eller kommune om kommunalt tilsett psykolog til stades i større eller mindre grad. Det er opp til kommunane om slik ressurs vert tildelt ein vidaregåande skule.

Ein måte å disponere midlane på er å gi overføringer til kommunar slik at desse kan tilsetje psykologar til formålet. Etter fylkesrådmannen si oppfatning vil dette ikkje sikre ei heilsakleg vurdering av på kva skular i fylket behovet er størst. Den heilsaklege kjennskapen til behov og omfang er det fylkeskommunen sjølv som har, og kan på den måten vurdere i kva grad behovet kan endre seg slik at psykologressursane kan nyttast fleksibelt og på tvers av kommunegrenser. Samarbeidet med kommunane vil uansett skje gjennom det kontinuerlege samarbeidet med skulehelsetenesta.

Denne måten å disponere midlane på vil gi fylkeskommunen betre oversikt og kontroll med behov og innsats når det gjeld bruk av psykologhjelp til elevar og skular som treng det.

### **NOU 2015 «Å høre til» (Djupedalutvalet)**

NOU 2015 "Å høre til" med undertittel «Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø» foreslår fleire omfattande endringar som, i følgje utvalet sjølv, er dei som med størst sikkerheit vil kunne betre det psykososiale skolemiljøet og ha stor effekt. Utgreiinga peikar på at det er viktig å sjå på kva tenester som kan bidra til at elevane får eit trygt psykososialt skolemiljø. Eitt av forslaga til endringar er at PPT bør spele ei sentral rolle i dette arbeidet. Utvalet understrekar PP-tenesta si betydning ved at arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling vert knytt til opplæringa og det psykososiale skolemiljøet til alle elevar. Vidare er det trekt fram at ein del av organisasjons- og kompetanseutviklinga som PPT skal arbeide med, må handle om å bistå skular i å arbeide førebyggjande med elevane sitt psykososiale skolemiljø.

### **Organisering**

Fylkesrådmannen vil foreslå eit team av psykologar som dei vidaregåande skulane kan nytte seg av. I større grad enn i dag vil dette gjere det mogleg å jobbe individretta, systemretta og førebyggande i forhold

til psykisk helse. Ut over å gi eit lågterskelt tilbod til elevar som treng det, vil det vere eit mål å gjere den enkelte lærar og lærarteamet meir kompetent og trygg i samhandling med elevar med psykiske vanskar.

Fylkesrådmannen rår til at arbeidsgivaransvaret vert lagt til den fylkeskommunale PP-tenesta (OT/PPT) som har røynsle frå tilsetjing av psykologar, og som frå før har tett kontakt med dei vidaregåande skulane. På denne måten og i samarbeid med skuleeigar vil det vere mogleg å sikre psykologbehovet på dei skulane som treng det til ei kvar tid.

Etter lovendring den 1. juli 2015 har psykologane i PPT fått mynde til å tilvise til rusbehandling eller behandling i spesialisthelsetenesta. Dette fører til at elevar som har behov for slik hjelp, vil få dette raskare enn om dei må oppsøkje fastlege for vidare tilvising.

Oppgåvene til psykologane det gjeld, vil vere knytt til det direkte behovet på skulane, og psykologane skal vere fristilt frå andre ordinære oppgåver i PPT som sakkunnige vurderingar og anna utgreiingsarbeid. Det er også føresetnad at arbeidet til psykologane går føre seg ute på skulane. Psykologane vil likevel høre til eit større familjø ved at dei er tilsett gjennom OT/PPT.

Ei slik organisering vil vere i tråd med fylkeskommeunen sin styrka innsats for betre gjennomføring som er:

- Tidleg og systematisk innsats for å identifisere elevar som står i fare for å ikkje fullføre
- Tett oppfølging og tilpassa opplæring med fokus på meistring og motivasjon

Fylkesrådmannen rår til at dette teamet får seks psykologårsverk. Årleg kostnad til løn, reise m.m. vert om lag 5 mill kr. Ved oppstart hausten 2016 vert kostnaden inneverande år om lag 2,3 mill kr.

Ordninga med eit team av skulepsykologar er eit forsøksprosjekt som varer fram til utgangen av 2018, og prosjektet skal evaluerast før det blir teke stilling til vidareføring.

### **Samarbeid med kommunane**

Psykologane skal ha eit nært samarbeid om psykologbehovet med den kommunale skulehelsetenesta både i individssaker og i det systemretta arbeidet.